

Litt om serien:

## Galatarbrevet - nådens evangelium

Paulus skriv brev for å halde kontakten med mange av dei kristne kyrkjene han planta på sine misjonsreiser. Det var spørsmål å svare på og konfliktar å løyse opp i. Paulus følgde opp leiarar og enkeltmenneske og hjelpte dei til å skjøne og leve trua på evangeliet om frelse i Jesus. Men i eitt av det første breva han skreiv, brevet til Galatarane, har Paulus ein ekstra direkte og hard tone. Ikkje lenge etter han har vore hos dei, glepp det heilt sentrale: nemlig evangeliet. «Er de gått frå vettet» spør Paulus. All glede og tryggleik, all fridom og frimod, ja heile frelsa forvitrar om de ikkje har og byggjer på det eine, sanne evangeliet eg har forkjynt dykk. Sjølv om det kan vere mange innsteg til det å tru, har trua eit innhald som inga ny openberring, inga ny erfaring, ingen ny tanke eller kjensle kan gjere om på. For det som står på spel her, er om vi eigentleg frelsar oss sjølve, eller om det er Jesus som frelser oss. Og DET skal vi grave i i denne serien.

Litt om tema:


### Etter sanninga i evangeliet

Det er utruleg fort gjort for oss menneske å forveksle dei gode nyhenda om nåde med vår moralistiske «default-innstilling». Det skjer når vi forvekslar evangeliet si rekkefølgje, *tru → rettferdiggjering → gode gjerningar* med *tru → gode gjerningar → rettferdiggjering*.

Vi vil så gjerne gjere bevis at vi fortener ein plass i sola, ja, at vi fortener å eksistere. På mange område i livet kavar vi med å rettferdiggjere oss sjølv. Kristne er ikkje vaksinerte frå å oppføre oss som om vi kan vere gode nok, moralske nok, flittige nok etter Guds standard. Til og med Peter glei inn i denne fella då han heva seg over dei kristne venane som ikkje var fødde som jødar. Derfor skal vi vere glade for at Paulus sa Peter imot, opp i andletet, då han *ikkje gjekk beint fram etter sanninga i evangeliet*.

Fordi vi kan bli rettferdige for Gud berre ved *trua på Jesus Kristus*, er det håp for oss alle!

# Etter sanninga i evangeliet!



Bibel

### Gal 2, 11-21 Spørsmål til teksten

1. Kva er det Peter bommar på i v. 11-14? Og kvifor trur du Paulus fortel om dette til galatarane?
2. Korleis forklarar Paulus at ein blir *rettferdig* i v 16? Og kva er det å vere rettferdig?
3. Kva er den indre dynamikken i det kristne livet som blir beskrive i v. 20?



Misjon

### Gjennom deg og vidare


Korleis forklarer du skilnaden på å *vere moralsk* og å *vere kristen* til nokon som tenkjer det bør vere tilstrekkeleg for Gud at dei er eit *godt menneske*?



Fellesskap

### Den ærlege samtalen

1. På kva område har de levd meir «etter sanninga i evangeliet» dei siste månadane eller åra?
2. På jobb/skule, heime, på fritida: Korleis prøver de gjerne å gjere dykk sjølve «rettferdige»?
3. Kan de motivere dykk sjølv, og medkristne, meir med nåde og mindre med skuld? Korleis?



Raushet

### Takksam deling

Korleis kan det sjå ut å leve ut konsekvensane av evangeliet i det sosiale livet ditt, på arbeidsplassen eller skulen din, ovanfor familien din, i kjærleikslivet, ovanfor framande eller på nettet? Ver konkrete.



Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han har strekt seg til det yttarste, til døden, for å kome dykk i møte, sjølv om de ikkje held hans fullkomne standard.
2. Be om hjelp til å la evangeliet og nåden gjennomsyre livet slik at det flyt over på dei rundt dykk når de lev *etter sanninga i evangeliet*.
3. Be gjerne for kvarandre og for ting de opplever låser livet og hindrar glede.

Som kristne veks vi ved å lære å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast?  
Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Høyrdie eg?

Kva Gjer eg med det?

